
Saksnr: 2021/45380-2
Saksbehandlar Brita Bøyum
Dato: 27.08.2021

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesdirektør

Handtering av overtal 2021 ved avdeling opplæring og kompetanse

Endringar i tilbudsstruktur og klassetal førte til at skulane våren-21 melde inn til saman 39 overtalige. Det gjeld både pedagogisk og ikkje-pedagogisk personale.

Overtalssakene har fått ulike løysingar:

- Skulane fann løysingar for 11 av dei som var meld overtalige, og overtalsmeldingane vart trekte tilbake
- 18 tilsette vart overført til andre skular.
- 2 tilsette søkte permisjon skuleåret 21/22, og overtalet vart trekt tilbake
- 2 tilsette leverte eiga oppseiing
- 5 tilsette er oppsagt. Dette gjeld undervisningspersonale med kompetanse skulane i Vestland fylkeskommune ikkje lenger kan gjere seg nytte av. Vi har heller ikkje lukkast med å finne andre aktuelle stillingar til dei i organisasjonen. Den eine av dei oppsagte fekk tilbod om relevant undervisningsstilling ved annan skule, men takka nei, grunna lang reiseveg. To er oppsagt frå 100 % stilling, mens dei andre er oppsagt frå mindre stillingar.
- Vi er i prosess med ein overtalig lærar i 100 % stilling. Vi reknar med å finne anna relevant arbeid til vedkommande i organisasjonen.

I sommar er det tatt avgjerd om reduksjon av talet på grupper. Desse endringane har hatt følgjande personalmessige konsekvensar:

- 4 tilsette i vikariat av ulik storleik må seiast opp
- Ein fast tilsett i 80 % vert redusert til 40 %
- Ein tilsett i 100 % er meld overtalig, men vi har funne relevant undervisningsstilling til vedkommande.